

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2178 - 21/60363

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
13.09.2021

Oversender vedtak om dispensasjon og løyve til etablering av flytebrygge med utriggarar til klagevurdering - gbnr 102/6 Vabø

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 102/6
Adresse: Lokalitet for brygge har ikkje eigen adresse, bruksnamn er Bjørneplasset
Tiltakshavar: Per Harald Hauge og Margunn Dagmar
Eigar: Atle Rune Sæle og May Britt Hodneland Sæle
Klagar: Ansvarleg søker Alutec AS v/Oyvind Pedersen

Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak, sak 21/2178, datert 16.06.2021, om oppføring av flytebrygge på 2x7 meter med landgang på ca. 6 meter med utriggarar - gbnr 102/6.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 01.09.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 16.06.2021 ikkje vart oppretthalden og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 132/21 Vedtak:

Vedtak :

Klagen vert tatt til følgje. Areal plan og miljø utvalet gir klagar dispensasjon fra § 1-8 i plan- og bygningslova og arealformål i kommuneplan og gir løyve til oppføring av flytebrygge.

Grunngjeving :

Bestemmelsen i § 1-8 uttrykkjer eit generelt forbod mot frådeling, oppføring og endring av tiltak i 100 -metersbeltet langs sjøen, med unntak av fasadeendringar. Byggjeforbodet skal sikra ålmenta tilgang til strandsona sine kvalitetar som frilufts- natur- og kulturområde. Strandsona er underlagt eit særleg vern, og det er difor ein høg terskel for å dispesera frå § 1-8. Kommunen har eit særleg fokus på å hindre at strandsonen vert privatisert. Ei flytebrygge som også vert open for ålmenta vil kunne auka bruken av området og gjera det meir tilgjengeleg.

Omsøkt tiltak er difor ikkje sett på eit privatiserande tiltak. APM meiner difor at

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

ei flytebryggje på omsøkt stad ikkje vil medføre særleg privatisering av strandsona i området. Samstundes vil ei flytebryggje på område med ein utbetra tilgang til strandsona kunne ivareta dei allmenne interesser i strandsona gjennom å gjera den meir funksjonell. Det er ønskjeleg for kommunen at strandsona her også skal kunne nyttast av ålmenta. Tidligere Lindås kommune har gjennom kommuneplanen som gjeld frå 2019-2031 vurdert korleis, og i kva områder det kan leggjast ut flytebryggje på. Det vert imidlertid umogelege for kommunen å planlegge finmaska detaljer i kommuneplanprosessen for heile den utbygde strandsonen. Årsaka er at Lindås kommune har svært lang strandsone. Slik kommunen ser det vil eit dispensasjonsvedtak i denne saka heller ikkje skape ein presedensvirkning for flytebryggje utanfor regulert område.

Kommunen kan med heimel i pbl. § 19-2(1) "gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsett i eller i medhold av denne lov.".

Det omsøkte område sin strandsona er lite tilgjengeleg for ålmenta. Det er ønskjeleg at strandsona skal nyttast av ålmenta. Det omsøkte tiltak vil ikkje føra til større privatisering, men derimot gjere det meir tilgjengeleg for ålmenta. Årsaka er at det vil vere enklare for ålmenta å kunne få ein tryggare passasje til strandsona i område både frå sjø og land. Samstundes vil det fremje bustadens mogelegheit til sikker tilgang til strandsona både frå sjø og land i område.

Det er særstakt viktig for Alver kommune at område i strandsona kor ein ønskjer aktivitet vert så tilgjengeleg for ålmenta som mogeleg. Den omsøkte flytebryggje vil etter APM sitt syn fremja dette omsynet sterkt. Samstundes finn APM at ulempane ved tiltaket er minimale. Eit dispensasjonsvedtak i denne saka kan etter APM si vurdering heller ikkje skapa presedens for utleggjing av flytebryggje i strid med strandsoneomsyna her og elles i kommunen.

APM meiner at det bør gjeva dispensasjon til utleggjing av ei flytebryggje ettersom fordelane ved å gi dispensasjon her er "klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevest. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om etablering av flytebrygge med utriggarar - gbnr 102/6 Vabø
Fullmakt flytebrygge

Klage på avslag på søknad om flytebrygge - gbnr 102/ 6 Vabø

Avslag på søknad om flytebrygge med utriggare - gbnr 102/6 Vabø

Svar vedkomande manglar i søknad - gbnr 102/6 Vabø

Informasjon om parkering

Revidert dispensasjons søknad

Signert fullmakt

Søknad om tillatelse i ett trinn - flytebrygge - gbnr 102/6 Vabø

Søknad om dispensasjon

Kommentar til nabomerknad

Nabomerknader

Kvittering-for-nabovarsel

Situasjonsplan_D2 Kart med brygge inntegnet.pdf

Situasjonsplan_D1 Kart dagens situasjon.pdf

Tegning Eksisterende Snitt_E2 Brygge med forankring.pdf

Tegning Nytt Snitt_E1 Dimensjoner brygge.pdf

Tegning Nytt Snitt_Snitt enkel flytebrygge (vedl E3) Tegning (1).pdf

Forhåndsuttale vedr - Søknad om utlegging av flytebrygge med tilhørende landgang og utriggere - gbnr 102/6 Vabø

Uttale - gbnr 102/6 Vabø - flytebrygge med utriggere - dispensasjon

Uttale til søknad om dispensasjon flytebrygge gbnr 102/6 Vabø

Kopi til:

Alutec AS	Industrivegen 43	5210	OS
Alutec AS	Industrivegen 43	5210	OS
Per Harald Hauge	Nipedalen 28	5164	LAKSEVÅG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------